

Vil ikkje ha meir tuklin

■■ Klar tale frå innbyggjarane ■■ Grensar opp til nasjonalpark ■■ Livskv



OPP TO METER: Skitnamyrstjønni kjem inntaket og skal demmast opp to meter. Norman Kjærvik i Statkraft viser kor høgt vasspegelen vert ved etter ei oppdemminga, og dekkjer via ein 1,3 km lang tunnel skal vatnet først ned til Jostedal kraftverk på Myklemyr.

VIGDALEN: Bøna frå bygdefolket er klar. Storsamfunnet må ikkje ta siste rest av den livgevande elva deira.

– Vigdalen ligg i randsona til nasjonalparken, og så skal Statkraft få lov til å ta siste rest av elva vår, sa Willy Vigdal, med tårer i augo, og bad djupfølt om at det ikkje vert teke enda eit jafs av elva deira.

Står fast

NVE hadde onsdag synfaring langs Vigdøla. Statkraft har trekt søknaden om å byggja ut vestsideelvane, men søknaden om å byggja ut Vigdøla står fast.

Vigdøla hadde onsdag ei vassføring på 1,7 kubikk i sekundet, og viste kvifor dalen er eit særskilt vakkert og populært turområde.

Sterk motstand

– Vestsideelvane har heile tida balansert økonomisk på ein knivsegg, men Vigdøla er eit enklare anlegg, har betre lønsemd og prosjektet har framleis solid økonomi, seier Norman Kjærvik, pressekontakt Statkraft region Midt-Noreg.

– Dei fleste fråsegnene går mot ei utbygging, og går på sum-verknad av utbygging, vassdraget har vore bygt ut tidlegare, redusert vassføringa og det påverkar temperatur, og ein er ottefull for friluftsliv. Elva fungerer som naturleg gjerde og her er rasfare, seier Marthe Cecilie Pramlie, saks-handsamar i NVE. Ho skal skriva innstillinga til Olje- og energidepartementet.

Sterke inntrykk

– Det gjer eit sterkt inntrykk når me ser tårer i augo til Willy, og han viser kor viktig elva. For oss er det snakk om verdier som ikkje kan målast i kroner og øre. Å mista enda meir av vatnet i den einaste elva vår gjer noko med naturen, seier Karin Bakke, leiar i grendelaget og medlem i aksjonsnemnda..

– Ein kan mista motet, men me kan ikkje gje oss, seier Oddvar Vigdal, grunneigar og gardbrukar i dalen.

Vert små

– Storsamfunnet har ikkje bede om meir kraft frå Vigdøla. Berre Statkraft tener på utbygginga. Grunneigarar får ikkje ein gong skilja ut hyttetomter. Då er det meiningslaut at Statkraft skal få byggja ut. Får elva enda mindre vassføring, kjem færre turistar. Kva sit me att med då, spør Willy Vigdal. Han og alle andre i dalen håpar NVE set foten ned for ei ny utbygging.

– Me vert veldig små mot Statkraft, seier Inger Lise

ng med Vigdøla

alitet ■■ Andre utbygging av elva

Vigdøl. Alle i den vesle grenda har frå første dag stått samla i kampen om at Statkraft ikkje må få røra elva deira att.

Står samla

– Det gjeld livskvaliteten til folket i dalen. Å mista vassføringa i dalen frå den einaste elva vår, vil gjera vondt, seier Karin Bakke.

Motstanden mot ei ny kraftutbygging er massiv. Grunneigarane står samla mot, Luster kommunestyre og Fylkesmannen har sagt nei. Like eins Naturvernforbundet og Turlaget.

Restvatn

– Det kan ikkje vera slik at Statkraft tek restvatn av restvatnet. Då Vigdøla vart bygt ut sist, vedtok Stortinget ei minstevassføring. Med søknaden no, vert restvassføringa endå mindre. Merkeleg at olje- og energidepartementet skal endra eit stortingsvedtak, seier Ron Overdest, Turlaget.

– NVE står heilt fritt til å gjera sjølvstendige vurderingar når det gjeld minstevassføring, seier Karsten Jensen, men han held korta tett, og vara seg vel for å gje hint om kva NVE vil landa på i si innstilling til Olje- og energidepartementet.

– Temperaturen i elva er i dag marginal for sjøaureyngel. Tidlegare utbyggingar har redusert temperaturen med ca. ei grad, ein ny reduksjon er rein gambling med Jostedøla som fiskeproduserande vassdrag. Ein risikerer å skada elva som er uboteleg, seier Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

Smertegrense

– Statkraft har eit framlegg når det gjeld minstevassføring.



PLANAR: Martha Cecilie Pramlie, NVE, Hans Urdahl, Luster, og Jan Riise, Statkraft, studerer skissa korleis området vert etter ei utbygging.

Vigdøla er særskild lukrativ til utbygging. Kor går smertegrensa for eventuelle kutt og de skrinlegg ei utbygging?

– Me har ei smertegrense, men du får ikkje meg til å seia kva som vil verta for dyrt. Men me må ha litt kraft når utbygginga kostar 130 millionar kroner, seier Jan Riise, Statkraft.

Utbygginga vil gje 50 GWh og er kostnadsrekna til 130 millionar kroner. Dersom Kongen i statsråd gjev Statkraft konsesjon på å byggja ut Vigdøla, vil utbygginga gå over to år.

Først til våren vil innstillinga frå NVE vera klar.



LIVSKVALITET: – Bygdefolket vil ikkje ha ei ny utbygging som tek endå meir av vatnet i elva vår, seier Karin Bakke. Karsten Jensen og Marthe Cecilie Pramlie, NVE, går like bak.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

Tilskot til ombygging

LUSTER: Sjur Døvre bør få eit tilskot på 37.000 kroner til ombygging av drosje til rullestolbrukarar. Det meiner rådmannen i Luster. Tilskotet føreset at søkjaren nyttar den tilpassa drosjen i minst tre år. Dersom driftsperioden vert kortare, må tilskotet betalast attende høvesvis, heiter det i tilrådinga til formannskapet.

Vil innvilga lån

LUSTER: Rådmannen i Luster rår til at Kurt Heggstad og Silje Christine Indrebø Nygård får innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på 1.666.000 kroner til bruksutbygging på bruket dei eig og driv på Veitastrand. Lånet skal vera avdragsfritt dei første tre åra og skal deretter nedbetalast over dei 13 neste. Formannskapet avgjer saka komande onsdag.

Lån til driftsbygning

LUSTER: Under føresetnad av at finansieringa elles fell på plass slik det går fram av oppsett finansieringsplan, rår rådmannen i Luster til at Nils Asbjørn Nes får innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på vel 1,3 millionar kroner til ny driftsbygning for geit på bruket på Veitastrand. Lånet skal vera avdragsfritt dei første tre åra og skal deretter nedbetalast over dei 13 neste. Formannskapet avgjer saka komande onsdag.



STUDENT til hausten?

Frå kr 6,50 pr. dag kan du framleis kjenna lukta frå Sogn.

Ta med deg Sogn Avis på flyttelasset.

e-post: abonnement@sognavis.no
Telefon: 917 28 493
SMS: 917 28 493 – Merk, student

Sogn Avis